

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rødøy.

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: T.K.Heen.

Gard: Storselsøy.

(adresse): Nordvæernes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). "Jolpefor, nøfor og bumat." Mange gonger vert også ordet budrott nytta om hjelpefor. "Vi køyrde heim noko budrott som vi gav kyrne."- Budrott tyr at det vert drege fram til feet bumat. Eg trur at desse to namnorda bumat og budrott vert bruka berre i eintal her hos oss. Budrott, budrotten.

Som eg før har nemnd, vert gjerningsordet draga bøynd på ein annan måte på øyane i Helgeland enn andre stader i landet. - Å drag, dreg, drog, drye.-

2). Sjå 1). Kjenner ikkje andre samnamn.

3). Å skav, skev også skjev-skov, skavve, skjerve.

4). Trur ikkje at skav har vore mykje nytta her i bygdta til femat. Her ute på øyane er lite skog. Det var difor "snåpare" å bruke fiskavfall, tang og tare til bumat enn skav.- Men skav har vore nytta til bumat og vart kanskje bruka enno til hjelpefor især i fjordane i Rødøy i vårknipa. Trur folk held skav for dåleg femat, men vert truleg nytta saman med lite høy og lyng for at ikkje ku og sau skulde "miste ørta," når fiskavfall og tang og tare kom til å utgjera den største parten av foret. Kyrne mister ørta dersom dei får berre tang, tare og fiskavfall.

5). Helst rogn (raun) og osp. Trur ikkje det vart tatt skav av andre treslag. Det har vore mykje i bruk å legge toppar og tjukke greiner av furu i sauestakkane (bingane) så dei fekk ete baret og gnage borken av greinene. Slike avgnagne greiner ~~vare~~ og toppar var lette å turka og vart - etter turkinga - mykje nytta til tennved.

6). Når ein her snakkar om skav, vert det som oftast tenkt på rognskav.

7). I mine unge dagar hørde eg eingong eit rim om skav, men festa det ikkje i minnet. Ingen av dei eg har spurd no minnes noko slikt rim. Men det har nok vore eit eller fleire rim om skav også her i Rødøy.

8). Både sau og kyr og geit fekk skav, men ikkje hesten. Skavet vart lagt i basane saman med den vesle høydotten. Feet fekk truleg ikkje skav ^{av andre hest} enn av rogn og osp (Asp) og det skavet åt dei.

9). Folk såg på skavet som eit naudfor som ein berre nytta når ein ikkje hadde anna for til å halda livet i feet med. Smørret vart kvitt og sprøtt av skav, og mjølka beisk.

10). Då det var rogn som var mest nytta til skav,

vart det nok å draga til skogs eins erend å hente "skavved"
Det kan nok hende at den veden som var skaven vart nytta
til "gagnverke", men føremålet med å hente skavved var å
få for til feet.-

11). Ein er i "skavskojen."

12). Skavved.

13). Gjerningsordet "Marka" kjenner eg ikkje.

14). Her vart det ikkje henta skav før høyet var
nesta alt (slutt), så det vart ikkje skavhenting før
om våren.- Folk lika ikkje dette arbeidet. Ein såg på det
som eit mindreverdige arbeid.

Har ikkje høyrd at mannfolka skulde på skavhenting
langfredag på fastande hjarte.

15). Det var helst om kveldane dei skov skav, og då
sat dei mykje med skavkjeppane ^{an} åtan i kjøkkenet eller i
stova

16). Då skaving ikkje har vore mykje nytta her ute
i øyane, vart det berre nytta ein vanleg tollekniv. Men
eg har set ein gamal skavkniv som såg slik ut omlag som
teikninga viser. Han vart helst nytta på tjukk "asp."

17). Trur ikkje det har vore bruka særlege seremoniar
ved skaving av for.

18). Denne framgangsmåten kjenner eg ikkje. Ordet
skavhel kjenner eg heller ikkje.

19). Når skavkniven vart nytta, sat ein på stokken
og drog kniven åt seg. Når tollekniven var i bruk, vart
vel som oftast kniven stødd mot kneet og skavkjeppen
dregen mot kniven.-

20). Skavkjepp, skavved.

21). Skavbork vert ofte kalla bork-mask.

22). Helst tunne kjeppar som det høvde å bruke tolle-
kniven på.

23). Skjevlved, skavved.- Dei örda det er spurd ~~ettstese~~
om er så vidt eg veit ikkje i bruk her hos oss. (Storselsøy.)


24). Skavet skal vera så tunt og fint som råd er.

25). Då ved som har mista borken er lett å turka,
vert skavveden mykje nytta til tennved.

26). Trur at skav er lite nytta etter 1900- 1910.



28 juni 1948. T. K. Heen



1868